



Musland Maskin var i denne veka i arbeid med å utbetra tett kistegrøft ved Fitjanaustet.

I lang tid har det ved nedbør vore store vassmengder ved Fitjanaustet i Fylkesvegen der Jostein Saghaug bur. Det ha vore eit problem over mange år. Ved fleire høve har Statens Vegvesen iverksett tiltak utan gode resultat. Ei defekt kistegrøft på oppsida av vegen kan vera noko av årsaka.

Ved vasslekkasje og pågåande arbeid frå Uskedal Vassverk med ny ledning og kumme kom det fram at ei gamal kistegrøft var defekt. I denne veka var Musland Maskin på plassen, grov opp, la ny 16 cm dreinsrøyr og singel og fekk vatnet kopla til røyr under vegen og ut i elvosen.

Mykje vatn frå lia og den defekte kistegrøfta kan difor vera noko av årsaka til at det ofte samlar seg vatn i vegbanen på denne plassen. Hjulspor og feil dosering gjer også sitt til at det set seg vatn her.

Grunneigar Jostein Saghaug fortel at han let Vegvesenet i si tid ta bort portane for å få meir plass til arbeidet med drenering, noko som førte til ei viss betring, men ikkje nok. No vert det spanande å sjå om Vassverket sitt arbeid med kistegrøfta fører til mindre vatn i vegen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal